

# Valprogram for Kvam SV frå 2023-2027

## Verdibodskap for Kvam SV:

Me vil ha eit miljøvenleg og inkluderande lokalsamfunn med små skilnader som gjev grunnlag for gode liv i dag og i framtida.

## Viktige saker for Kvam SV:

### Livssyn

- Namna gravlundar i Kvam
- Livssynsnøytralt seremonirom

### Pleie og omsorg

- Eigenprodusert institusjonsmat i Kvam
- Auka økonomiske rammer for å gi ei verdig eldreomsorg
- Ta tak i utanforskap og ufrivillig einsemd

### Bustad

- Bygge kommunale bustadar med tilbod om leige til eige
- Bygge fleire utleigebustadar i regi av Kvam herad eller Kvam bustadstifting
- Arbeide for at gardstun med ledig bygningsmasse kan omsetjast til bustad og aktivitet som gir tilflytting i grendene
- Arbeide for alternative bustadprosjekt med fellesfunksjonar, t.d. økolandsby og minihus

### Personalpolitikk

- Prioritere fulle stillingar
- Sette i drift kommunal vikarpool
- Tilby fleksibel arbeidstid for dei som ynskjer det
- Lærlingordning med jobbtilbod til dei som tar fagbrev
- Pensjonspoeng for kommunale fosterforeldre på lik line med statleg fosterforeldre
- Tilsette i Kvam herad skal ha styrka rett til vidareutdanning og kompetansebygging

### **Klima og miljø**

- Miljøkoordinator som fast stilling for auka innsats innan klima- og miljøtiltak
- Ingen nedbygging av matjord i Kvam
- Auka satsing på grøn energi i kommunale bygg
- Omlegging til berekraftig havbruk og ikkje auka produksjonsvolum

### **Veg og samferdsle**

- Prioritere sykkel- og gangveg for trygg ferdsle for mjuke trafikantar
- Arbeide for betre kollektivtransport med tettare buss-avgangar og venteskur på alle haldeplassar
- Hent meg tilbod med bestillingsbuss
- Etablere pendlerparkering for bil og sykkel på samlepunkt for bussreisande
- Pilotprosjekt El-pendelbuss Vikøy – Norheimsund – Øystese, med mål om å utvida til resten av kommunen
- Sykle til jobben-ordning for kommunalt tilsette med tilrettelegging av god infrastruktur og leasingtilbod for sykkel
- Realisering av Tokagjeltunnel som rassikringsprosjekt utan bompengar
- Rassikring og oppgradering fv 79 til Granvin
- Oppgradering av Strandebarmsvegen

### **Oppvekst – skule og utdanning**

- Tilby uforpliktande møteplassar for ungdom
- Styrke tilbodet til unge i avklaring for uføretrygd
- Prøveordning med studentkoordinator for å legge til rette for tilbod om arbeidsplass i Kvam
- Sikre god gjennomføring og innhald i nye Kvam vidaregåande skule
- Betre symjeopplæring i grunnskulen
- Framhald av ordninga med fritidskort

### **Senterstruktur**

- Utvikle Norheimsund - Øystese til ein felles bygdeby og sikre regionsenterstatusen i nye Vestland
- Oppretthalde tilboda i bygdesentera og gjennomføre nærmiljøtiltak

### **Kultur og idrett**

- Motocrossbane med tilrettelegging for el-cross
- Legge til rette for meir miljøvenlege idrettsanlegg
- Ta betre vare på lokale kulturminne og byggeskikk.

## **Næring**

- Aktiv bruk av næringsfond til gründerverksemder
- Legge til rette for samlokaliseringa av små lokale verksemder
- Tilby løysingar for kontorfellesskap som alternativ til heimekontor
- Prosjekt for gjenbruk av Øystese Gymnas
- Utvikle og utvide etablerte næringsområde